

## Referat frå styremøte i Alver kulturråd

23.november 2022 klokka 18:00, Hagellia Matstove - Dampen

Frammøtte: Ivar Hopland (leiar), Laura Camilla Størseth, Raymond Solli, Kjersti Møllerup Wiik, Jegvan Kårbø, Johan Myking

Forfall: Anne Kolstad Morken, Mette Marei Træland

Innkalling og sakliste ved leiaren.

### **Sak 45-2022 Godkjenning av innkalling, sakliste til dette møtet og referat frå siste møte.**

Innkallinga, saklista og referat vart godkjend utan merknader.

### **Sak 46-2022 Uttaler frå Alver Kulturråd**

- **Felles høyringsuttale til «Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023 - 2035, Vestland»**  
Felles uttale frå Amatør-/kulturrådane i Alver, Askøy, Bergen, Sogndal, Sunnfjord, Sunnhordland, Voss og Øygarden.  
Gjennomgang ved leiar. Sendt til fylkeskommunen.
- **Temaplan for kulturmiljø - Kunngjering om oppstart av planarbeid og offentleg høyring og ettersyn av planprogram**  
Orientering ved leiar. Kulturrådet vil invitere Bente Kopperdal til eit møte.

### **Sak 47-2022 Utkast til revidert samarbeidsavtale mellom Alver Kulturråd og Alver Kommune**

Gjennomgang ved leiar.

Kulturrådet ønskjer punkt 6 d) frå den gamle avtalen med i den reviderte avtalen.

### **Sak 48-2022 Evaluering av Temakveld «Kulturhus i Knarvik»**

- Ordførar kunne blei forhindra - ingen andre politikarar til stades.
- Samarbeidet med kommunen i forkant var litt treigt.
- Ingen info på kommunens heimeside
- Det planlagde samarbeidet med Rotary vart ikkje noko av då Rotary ikkje var medlem av Alver Kulturråd.
- Innlegga var bra
- Ting fungerte eigentleg greitt

Korleis kan vi sikre at politikarane tar tak i dette før april 2023? Det forfattast eit skriv til den politiske leiinga.

Den eksisterande arbetsgruppen jobbar vidare med kulturhus-saka.

- Område for tomt. Viktig å få arealfesta tomt.
- Samarbeid med fylket i forbindelse med vidaregåande skule?
- Møte med leiar i Knarvik Amfi?
- Invitera seg sjølv til dei politiske partia?
- Invitere partileiarar / representant til oss?

#### **Sak 49-2022 Open ramme/ymse**

- Det planlagde møtet 14. desember utgår
- Neste styremøte blir 4. januar kl 18:00, Knarvik Frivilligsentral
- Hugs å sende reiserekningar
- 

Møtet slutt om lag kl. 20:00.

Referent: Laura Camilla Størseth

28.11.22